



Gebyrregulativ for vatn og avløp 2019 – Hjelmeland kommune

Vedteke i kommunestyret med ikrafttredelse frå 01.01.2019, i hht. Forskrift om vann- og avløpsgebyrer i Hjelmeland kommune og ny forskrift om påslipp av olje- og fettholdig avløpsvann, begge vedteke 02.11.2016.

1. Rammer for gebyrbereking

- Gebyra skal ikkje overstige kommunen sin sjølvkost for områda vatn og avløp, men kan salderast over ein 5 års periode.
- Overslag over dei forventa kostnader (drifts- og kapitalkostnader) for de nærmeste 3 årene skal foreligge før størrelse på gebyr fastsettes.
- Gebyrbereking baseras på Lov om vass- og avløpsanlegg av 16. mars 2012
- Forskrift om vann- og avløpsgebyr Hjelmeland kommune, vedtatt 02.11.2016
- Retningslinjer for bereking av selvkost for kommunale betalingstenester H-2140 Kommunal- og regionaldepartementet, januar 2003.
- Alle priser i dette dokumentet er eksklusiv 25 % mva.

2. Tilknytingsgebyr

Tilknytingsgebyr for tilknytning til offentlig vatn- og/eller avløpsledningsnett bereknes etter 2 satser; normal- og redusert sats (ref. §8-2, Forskrift om vann- og avløpsgebyr, Hjelmeland kommune, vedtatt 02.11.2016).

Eigedommar som har kostnad for etablering av teknisk anlegg for vatn og avløp som overstiger 300 000,-, eller som har kostnad for etablering av teknisk anlegg for vatn eller avløp som overstiger 150 000,-, kan søke om å få betale tilknytingsgebyr etter redusert sats.

Tabell 1 - Tilknytingsgebyr for vatn og avløp

Tilknytingsgebyr	Vatn	Avløp
Normal sats	Kr 25 000,-	Kr 25 000,-
Redusert sats	Kr 2 500,-	Kr 2 500,-

I den utstrekning gebyrberekingen gjerast avhengig av størrelsen på vassmåler, er det vassmålaren si størrelse og antall som leggs til grunn. Ved val av storleik av vassmålar skal maksimal samtidig mengde vatn bli berekna i tråd med gjeldande Standard Abonnementsvilkår. Vassmålaren si størrelse reknas om til vassmålerequivallenter i tråd med tabell 2. Der det av praktiske årsaker installeras mindre vassmålar enn $\frac{3}{4}$ ", er det $\frac{3}{4}$ " som leggs til grunn ved gebyrberekinga. For bustad



eller hytter der det ikkje er installert egen vassmåler, betales det tilknytningsgebyr for en ¾" vassmåler per bustad.

Tilknytningsgebyr = Sats x Ekvivalent ¾" måler

Tabell 2- Ekvivalente vassmålarstørrelsar

Maksimal samtidig vassmengd [m ³ /t]	Nødvendig minste vassmåler storleik	Ekvivalent ¾" – måler
5	¾" (19 mm)	1
10	1" (25 mm)	2
20	1 ½" (38 mm)	4
30	2" (50 mm)	6
110	3" (75 mm)	22
180	4" (100 mm)	36
350	6" (150 mm)	70
600	8" (200 mm)	120
1000	10" (250 mm)	200

Se §8 i forskrift om vann- og avløpsgebyrer i Hjelmeland kommune

3. Årsgebyr

Årsgebyret = Fastledd + Forbruksgebyr

3.1 Fastledd

Kommunens totale årsinntekter frå fastledd skal dekke ein andel av kommunens samla årlege kostnader for henholdsvis vatn- og avløpstjenestene. Dette reflekterer kommunens faste kostnader for disse tenestene:

- Vatn: 40 %
- Avløp: 40 %.

Fastleddet av årsgebyret kan differensieras etter brukerkategori:

- Fastledd for *næring* betales av:
 - Næringseigedommer
 - offentlige virksomheter
 - burettslag
 - landbruk
 - båtforeninger
 - idrettsanlegg
 - vatnposter

Alle abonnentar i éin brukerkategori betaler likt fastledd.



Tabell 3 - Betalingsseter for fastledd

Fastledd	Vatn	Avløp
Næring	2 251,- kr/abonnent	1 747,- kr/abonnent
Bustad	2 251,- kr/abonnent	1 747,- kr/abonnent
Hytter	2 251,- kr/abonnent	1 747,- kr/abonnent

3.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret bereknes på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, begge basert på kubikkmeterpris som i tabell 4.

Kubikkmeterpris

Tabell 4 - Kubikkmeterpris for vatn og avløp

Kubikkmeterpris for vatn:	Kubikkmeterpris for avløp :
12,13 kr/m ³	14,89 kr/m ³

Målt forbruk

Forbruksgebyr etter målt forbruk bereknes frå faktisk vassforbruk (vassmåler) og pris per m³. Avløpsmengde regnes lik vassmengd. Unntak frå dette må dokumenteras av abonnenten.

Forbruksgebyr ved bruk av vassmåler:	
Vatn	: 12,13 [kr/m ³] x Målt forbruk [m ³]
Avløp	: 14,89 [kr/m ³] x Målt forbruk [m ³]

Forbruksgebyr etter målt forbruk gjelder:

- næringseiendommer
- offentlig virksomhet
- burettslag
- landbruk
- båtforeningar
- idrettsanlegg
- vannposter
- naust
- bustad og hytter (alle nye abonnentar frå og med 01.01.2017)
- bustad og hytter med vassmåler

Abonnentar som har montert og registrert ny vassmåler i 2019, salderast etter avlest måling ved 1. termin i 2020.



Abonnentar som allereie har vassmåler faktureras etter målt forbruk inneverande år.

Stipulert forbruk

Bare bustader og hytter som ikkje har vassmåler skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk i henhold til arealkategori og stipulert årsforbruk – se tabell 5 og 6. Alle andre abonnentar skal betale etter målt forbruk. For hytter bereknes stipulert forbruk etter arealkategori 1.

Tabell 5 - Arealkategorier for berekning av stipulert forbruk

Arealkategorier
Bolig - Arealkategori 1 (0-100m ²)
Bolig - Arealkategori 2 (101-300m ²)
Bolig - Arealkategori 3 (301-500m ²)
Bolig - Arealkategori 4 (>500m ²)

Tabell 6 - Stipulert årsforbruk vatn (m³) per brukerkategori

Stipulert forbruk per år (m ³)	
Stipulert forbruk -Arealkategori 1 (m ³ /år)	110
Stipulert forbruk -Arealkategori 2 (m ³ /år)	330
Stipulert forbruk -Arealkategori 3 (m ³ /år)	550
Stipulert forbruk -Arealkategori 4 (m ³ /år)	1100
Stipulert forbruk hytte - antall m ³ /år	110



Bereknning av årsgebyr for bustader og hytter etter stipulert forbruk

Vatn 40 % fastledd

Tabell 7 - Årsgebyr vatn for bustad og hytte etter stipulert forbruk

Brukerkategori	Fastledd	Stipulert forbruk	Årsgebyr
Bustad – Arealkategori 1	Kr. 2 251,-	Kr. 1 334,-	Kr. 3 585,-
Bustad – Arealkategori 2	Kr. 2 251,-	Kr. 4 002,-	Kr. 6 253,-
Bustad – Arealkategori 3	Kr. 2 251,-	Kr. 6 670,-	Kr. 8 922,-
Bustad – Arealkategori 4	Kr. 2 251,-	Kr. 13 340,-	Kr. 15 592,-
Hytte	Kr. 2 251,-	Kr. 1 334,-	Kr. 3 585,-

Avløp 40 % fastledd

Tabell 8 - Årsgebyr avløp for bustad og hytte etter stipulert forbruk

Brukerkategori	Fastledd	Stipulert forbruk	Årsgebyr
Bustad – Arealkategori 1	Kr. 1 747,-	Kr. 1 638,-	Kr. 3 385,-
Bustad – Arealkategori 2	Kr. 1 747,-	Kr. 4 914,-	Kr. 6 661,-
Bustad – Arealkategori 3	Kr. 1 747,-	Kr. 8 190,-	Kr. 9 937,-
Bustad – Arealkategori 4	Kr. 1 747,-	Kr. 16 381,-	Kr. 18 127,-
Hytte	Kr. 1 747,-	Kr. 1 638,-	Kr. 3 385,-

4. Årlig vassmålerleie

Tabell 9 - Årlig leie for vassmåler

Dimensjon	Årlig leie
¾"	kr 308
1 " - 2 "	kr 1 000
2 ½ " - 4 "	kr 4 980

Krav om installasjon og bruk av vassmåler

Se §11 i *forskrift om vann- og avløpsgebyr Hjelmeland kommune* og vedtak om krav om vassmålar hos alle abonnentar (sak nr. 075/16, Kommunestyret, vedtatt 02.11.2016).



Tabell 10 – Gebyr for avlesing av vassmåler, ref.§11-4 i forskrift om vann- og avløpsgebyr Hjelmeland kommune, vedtatt 02.11.2016

Oppmøtegebyr for avlesing av vassmåler

Kr. 2 000,-

5. Midlertidig bruk av vatn og avløp

Tilknytningsgebyr for tilknytning til vatn og/eller avløp betales ikkje for bygg som har midlertidig tilknytning i opp til 2 år, for eksempel brakkerigg. I stedet for tilknytningsgebyr betales depositum som tilbakebetales når tilkopling koplas frå. Dersom tilknytningen varer i meir enn 2 år, skal tilknytningsgebyr ileggas.

Depositum for midlertidig tilkopling er kr. 25 000,-.

6. Gebyr for påslipp av olje og fett til kommunalt avløpsanlegg

Bestemmelse for påslipp av olje- og feitthaldig avløpsvann i Hjelmeland kommune

Se *Forskrift om påslipp av olje- og fettholdig avløpsvann Hjelmeland kommune*, vedtatt 02.11.2016.

Tabell 11 - Gebyr for oppfølging av påslipp av olje- og feitthaldig avløpsvatn

Gebyr for oppfølging av påslipp av olje- og feitthaldig avløpsvatn	
Behandling av søknad om påslipp	Kr. 5 000,- per søknad
Søknad i endring av løyve	Kr. 1 500,- per søknad
Oppfølging av forhold i strid med forureiningsforskrifta (etter medgått tid)	Kr. 1 000,- per time
Tilsyn og kontroll med olje- og feittutskillere	Kr. 3 000,- per anlegg